



Vang kommune

ArkivSakID: 24/1051
JournalpostID: 26/7481
ArkivID: PlanID-0545R049-1,
PlanNavn-
Detaljregulering
Haugastølen -
endring 2024,
PlanType-31, K2-
L12, GBNR-39/9
38/25
Saksbehandlar: Lars Andreas Huset

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Hovudutval for utvikling	
	Kommunestyret	

Sluttbehandling - Detaljregulering Haugastølen - planendring

Vedlegg:

28.08.2026	Forslag til føresegner	303859
28.08.2026	Merknadsrapport	303857
28.08.2026	Fyrstegongsbehandling - Haugastølen - planendring	303836
28.08.2026	Varselbrev - planendring	303838
28.08.2026	Gjeldande reguleringsføresegner	303858
28.08.2026	Gjeldande plankart	303840
28.08.2026	Motsegn - Statsforvaltaren i Innlandet	303839

Saksopplysningar

Reguleringsplan for hytteområdet Haugastølen (planid 0545R049) vart vedteke i juni 2006 og regulerer 51 hyttetomter. Planens føremål er å leggje til rette for bygging av private hytter i Grindafjellområdet. Det er relativt store hyttetomter i planområdet på om lag 2 til 3 dekar og det kan settast opp inntil 5 bygg på tomte i eit tun.

Kommunedirektør har gjennom fleire saker sett at føresegner kan vere utdaterte og at det har overtid blitt gitt løyve til litt uheldig praksis. Det er søkt om og gjeve dispensasjon til føresegner i planen. Vi ser også at det er gjort tiltak i strid med planen. Vi har vert på synfaring innfor planområdet i september 2024 og april 2026 for å få overblikk over den faktiske situasjonen.

Kommunen sendte varsel om planendring av Haugastølen 02.12.2024 til grunneigarar innfor planområdet og offentlege myndigheiter med interesse for saka. Tema som er forslag om å endra er kledning, fargebruk, utforming av vindauge og gjerde.

Kommunedirektør la fyrst opp til enkel prosess etter plan- og bygningslova § 12-14. Varsel om planendring fekk motsegn frå statsforvaltaren i Innlandet og forslaget er difor endra etter varsel om planendring. Dermed køyrer vi vanleg prosess etter plan- og bygningslova kapittel 12.

Hovudutvalet for utvikling la planendring for detaljregulering Haugastølen med planid 0545R049-1 på høyring og offentlig ettersyn i HUU-sak 016/26 den 28.04.2026. Saksframlegg ved fyrstegongsbehandling ligg vedlagt, her er forslag til endringer vurdert.

Merknader

Det er kome sju merknadar til planforslaget frå overordna mynde, hytteeigarar, velforeininga og utbygger. Grindafjell AS, velforeininga og hytteeigarar har felles usemje over forslag på inngjerding. Frå fleire er det ynskje om at dagens praksis bør vidareførast eller at det kan utøvast skjønn for å ivareta beiterett.

Statsforvaltaren i Innlandet trekker sitt motsegn som vart fremma ved varsel om planendring til forslag om inngjerding.

Vang beitelag og dei lokale fagлага har fått forslag på høyring, dei har ikkje kome med merknad til planforslaget.

Merknadsrapport ligg vedlagt.

Vurdering

Kommunedirektør vurderer å ikkje endre planforslaget som vart vedteke sendt på høyring og offentlig ettersyn i HUU-sak 016/26 den 28.04.2026.

Det er kome inn merknader i høyringsperioden, i hovudsak knytt til inngjerding. Kommunedirektøren vurderer at merknadene ikkje gir grunnlag for å endre planforslaget eller dei vurderingane som ligg til grunn for dette. Vurderinga knytt til beiterett er ikkje endra etter høyring og offentlig ettersyn.

Har kommunestyret ynskje om at enkelte områder i kommunen kan få gjerde inn over 100 m², bør det settast klare føringar for korleis beiteretten blir ivareteke i kommuneplanens arealdel.

Framlegg til vedtak:

Vang kommune vedtek planendring for detaljregulering Haugastølen med planid 0545R049-1 med tilhøyrande nye planføresegner, jf. plan- og bygningslova § 12-12